

Tanum menighetsråd 2021

Referat

Møtestad:	Tunheim (Blåsalen)
Møtedato:	Onsdag 17.11.2021
Tid:	Kl. 18.00 –20.45
Sakliste nr:	10/ 2021
Tilstades	Marit Kobro, Ragni Haga, Elisabet Romøren, Tore Hummelvoll, Erling Sølvik, Odd Bjørneby, Kari Espelid, Sissel Erene Tindeland. Forfall: Berit Moe, Sven Marius Utklev Gjeruldsen-Halle.

Sak 56 / 2021: Godkjenningar

- Utsendt innkalling / sakliste datert 10.11.2021
- Referat frå møtet 27.10.2021. To personar til å underskrive referatet: Ragni og Odd

Vedtak: Innkalling / sakliste og referatet godkjennest.

Sak 57 / 2021: Meldingar / referat og info-saker

- Kyrkjemøtet 2021 11. - 16. nov i Trondheim. Stutt orientering om enkelte saker ved Tore.

Vedtak: Vi tok informasjonen til orientering

Sak 58 / 2021: Høyringsvar om ny kyrkjeleg organisering. Frist 1.12.2021.

Sjå sakene 55/2020 -1. kulepunkt, 12/2021, 14/2021 - 2. kulepunkt, 40/2021- 2.kulepunkt, sak 50/2021 og 55/2021.

Marit og Tore hadde laga eit utkast som var sendt ut på førehand.

Vedtak: Tanum menighetsråd vil levere eit felles høyringsvar. Høyringsvara i utkastet vart gjennomgått og vedtekne etter dei innspela som kom fram i møtet. Leiar og nestleiar blir gjevne fullmakt til å slutføre dokumentet og sende inn høyringsvaret.

Sak 59/ 2021: Julelunsj for eldre over 85 år (Tunheim 11. des kl 12-14.30)

Sjå sak 47/2021, kulepunkt 6 og sak 54/2021

Alle i mr som var til stades på møtet i kveld kunne stille opp laurdag 11.des og hjelpe til på arrangementet.

Vedtak: Vi fordela praktisk organisering, roller og ansvar. Alle i mr møter kl 10 på Tunheim.

Sak 60/2021: Aktuell informasjon frå soknepresten på kvart mr-møte framover?

Vedtak: Frå neste møte kjem dette på agendaen.

Sak 61/2021: Julemøtet vårt, ons 8. des.

Vedtak: Tradisjonen tru har vi ordinært mr-møte på Tunheim kl 18-19 før vi har juleavslutning hos Jørn Holme i Tanum prestegard saman med dei tilsette, alle med ektefeller/ledsagerar.
Vi fordelte praktisk ansvar.

Sak 62/2021: Avskrivning av tap på fordringar

Konfirmantavgifta, kr 500, har ikkje blitt betalt for tre konfirmantar.

Vedtak: Vi vedtek å avskrive tre ikkje-innbetalte konfirmantavgifter a kr 500.

Sak 63/2021: Gudstenestelista 1. halvår 2022.

Vedtak: Vi tek gudstenestelista til etterretning.

64/2021: Eventuelt

Info frå Tore:

- Plassering av projektor i kyrkja, vente til orgelet er ferdig installert.
- LFKR vil installere internett 1. halvår 2022 med tanke på konfirmantarbeidet.
- Saman med Berg menighet: Samling for konfirmantforeldre over nyttår, med foredrag. Kostnad for Tanum, inntil kr 5000, må leggest inn i budsjettet for 2022.